



Mathilde ved Skorpo

Haradangerjakt Mathilde - det siglende museet - er eit kjært og kjend syn også i Uskedalen og då ikkje minst på Skorpo. Mange og då først og fremst elevar på skulen har sigla med den staselege skuta og fått ny kunnskap om mykje.

No er Mathilde ofra 5 sider i det siste nummeret av Dampskibsposten og det fortener ho. Cecilie Holm ved Hardanger Fartøyvernsenter skriv mellom anna at Mathilde er for alle i motsetnad til mange siglfartøy i landet som er for einskilde grupper.

Men ho innrømmer også at 3 av beina til det siglende museet har vakla undervegs i dei 30 åra skuta skuta har vore museumsbåt.

Cecilie Holm opplysar at dei har måtta jobbe meir dei seinare åra for å få fullt belegg i leirskulesesongen. Folks behov for komfort og privat sfære er ein hovudgrunn til dette, skriv ho. Cecilie har hatt store opplevingar då ungdom har forstått kva for ein bragd det var at Mathilde sigla som frakteskute i 100 år.

Cecilie innrømmer og at sumaren er ein utfordring.

Det er eit slit å få nok drift i ferietida men no siglar dei med det ho kallar ein god miks. Nokre veker sel dei til grupper og nokre veker er ope for individuell påmelding. Kystsafari frå mandag til fredag har vorte eit populært tilbod. I dei seiare åra har Mathilde hatt godt belegg på sumartoktene utan annonsering.

Museumstokt har vore det mest stabile, men også det mest sårbare fordi det avhenger av finansiering frå fylkeskommunen. Dette er fundamentet for kontinuerlig drift fordi det ellers ikkje hadde vore mogeleg å halda eit fast heilårleg mannskap og dermed ha skuta i god stand. Desse toktene går stort sett i oktober etter leirskulesesongens slutt. I vinteropplaget vert skuta stelt med.

Eit stabilt mannskap er viktig for skuta og skippar sidan 1997 Audun Apelseth har mykje av æra for at ho går så godt. Skuta har hatt ein svært stabil besetning. Men ein av utfordringane er å få sigla henne skikkeleg og her er det behov for øvingstimar.

Av Ola Matti Mathisen



Sjette- og sjuandeklassingar i Uskedalen klare til tokt med Mathilde (Foto: Ola Matti Mathisen)